

# Gamle og nye medlemmar - det vårast !

**LES GRUNDIG !!! - HER ER TING SOM BERØRER ALLE !!!! — OG DERMED YNSKJER VI OG SVAR FRÅ ALLE - RASKT !!!!!!!**

## INNHOLD

1. Referat frå årsmøtet/medlemsmøtet 13/2-20
2. Informasjon om turprogram, trening og kurs, **OG....!!!**
3. Kva slags turar ynskjer du å vere med på, dvs. prioritere å få med deg?
4. Korleis få alle som vil, gjennom kurs eller tilsvarende (les nedanfor kva vi meiner med det)?
5. Utviding av aldersgrense - 18 år på nokre av overnattingsturane
6. Informasjon om samarbeid med fylkeskulturtkontoret m.fl.
7. Kven kan ikkje få tak i klubbinføen på internett, dvs. på heimesida, hos seg sjølv, på jobben eller hos andre ?
8. Nye investeringar: Forespørsel til medlemmane om eit kortsiktig lån til klubben

Men våren er kort. I alle fall er det ikkje meir tid enn vi treng viss vi skal leve opp til intensjonane og vedtaka som vart gjort på årsmøtet. Det eg tenker på er kravet om at folk skal ha vore med på sikkerheitskurs/ grunnkurs for å vere med på treninga, og påbyggingskurset for å vere med på dagsturar og overnattingsturar. Meir om det seinare.

## 1. REFERAT FRÅ ÅRSMØTET OG ETTERFØLGJANDE MEDLEMSMØTE 13/2-2001

### ÅRSMØTET

Ordstyrar: Rune Berge  
Referent: Roald Apalseth

Deltkande på årsmøtet: 13 medlemmar (stemmeberetiga) og 5 andre interesserte

#### Sak 1: Årsmelding

- Rune går gjennom årsmeldinga punktvis
- Pkt 1-6: Ingen kommentarer/merknader frå årsmøtet
- Pkt 7: Her kom årsmøtet inn på diskusjon kring finansiering av nye kajakkar i form av lån frå medlemmane, dette blir tatt opp att i sak nr 6, elles u.a.
- Pkt. 8-9 Ingen kommentar /merknader

#### Sak 2. Rekneskap for 2000- ingen merknader.

#### Sak 3. Budsjett for 2001- ingen merknader

#### Sak 4. Forslag om endring av kontingentsatsen til kr.200.- pr. år

Årsmøtet hadde ingen innvending mot dette, og endringa vart vedteken.

#### Sak 5. Vedtektsendring

Det var frå styret si side kome forslag til vedtektsendring. Det vart stemt for å endre vedtekten med 13 mot 0 stemmer. Årmøtet hadde kommentarer til vedtekten og ein vart samde om at styret skulle omformulere litt på vedtekten og ta vedtekten opp til ny avstemming ved neste årsmøte. Kommentarane var knytt til § 19, og kva krav ein skal setje til medlemmar under 18 år i.f.t. samtykke

frå føresatte om å få lov til å delta på treningar og turar i klubbens regi. Kommentarar gjekk og på kva begrep ein skal bruke i vedtekten, ansvarshavande/ turleiar /gruppeleiari, styret jobbar vidare med saka og tek vedtekten opp til ny godkjenning ved neste årsmøte

#### **Sak 6. Finansiering av ny kajakk**

1. prioritet på investeringslista er innkjøp av ny havkajakk og bekledning til bruk ved kurs/trening. Klubben manglar ein del midlar for å nå målsettinga for utstyrskjøp, og det vart stemt med 13 røyster for og 0 i mot, at styret kan gå ut til medlemmane og söke om lån frå medlemmane for å finansiere innkjøp av prioritert utstyr. I dette ligg det og at styret får fullmakt frå årsmøtet til å setje klubben i gjeld, med det dette inneber.

#### **Sak 7. Bygging av båthus til klubben sine kajakkar.**

Rune informerte om styrets forslag til båthus for klubben sine kajakkar. Eitt alternativ vart lansert, og det går ut på å bygge eit tilbygg på nedsida/sjøsida av asfalsiloen på Øyrane, der vi har samlast på torsdagstreningane. Det vart satt ned ei gruppe som skal jobbe vidare med dette, gruppa består av Rune Berge, Tore Gjelsvik og Arvid Thuland. Terje Sæle byrjar å samle material.

#### **Sak 8. Val**

Rune Berge, Roald Apalseth, Karna Lise Bloch Hanekam, Reidar Barthel, og Laila Hjellvoll stilte til gjenvalt og vart gjenvalt. Terje Sæle og Geir Alden vart valt til henholdsvis 1. og 2. vara. Dei kan delta fritt på styremøta, men har ikkje stemmerett utan at ein i styret uteblir på styremøtet

#### **Sak 9. Utsending til forbundtinget i Norges Padleforbund 31.mars 2001.**

Rune ønskjer å reise på dette, ingen hadde innvending mot det.

### **MEDLEMSMØTET**

#### **Sak 1. utdanning av instruktørar og gruppeleiarar**

Rune informerte om kva plan styret har for utdanning av instruktørar og gruppeleiarar. I første omgang satsar klubben på å utdanne eigne instruktørar som kan halde grunnkurs og påbyggingskurs for medlemmane.

#### **Sak 2. Informasjon om grunnkurs, påbyggingskurs og havkurs.**

Det vert krav til nye medlemmane om å skulle ha delteke på grunnkurs / eller vise at dei har tilsvarende kunnskap om padling for å delta på trening og påbyggingskurs for å delta på turar i klubbens regi. Det vert starta opp med slike kurs i mars. Ein satsar på å ha avvikla kursa innan vi starter på turane (medio mai).

#### **Sak 3. Info om treningane framover, ute og i symjehallen.**

Utetrening vert tysdag for nybegynnalar. Turane går nært land i eit roleg tempo tilpassa turdeltakane sine erfaringar og der ein kan trenere på padleteknikk gjennomgått på grunnkurset, samt få tips/rettleiing frå turleiarar

Torsdag blir det trening for meir vidarekomne. Dette er ei trening for dei som vil ha ei rein treningsøkt med intervalltrening og forholdvis raskt tempo over lengre strekker, d.v.s. ein bør føle seg trygg i kajakken og ha padla ein del for å ha nytte av denne treninga.

Symjehallen Det blir ingen fast dag i symjehallen, til det vert det for mykje arbeid på enkeltpersonar. Det som kan vere aktuelt er å bruke ein og anna laurdag frå kl. 15-1800 der ein kan trenere på redningsteknikker, støttetak, eller det som den enkelte føler for. Det blir elles ei lang økt i hallen i samband med grunnkurset.

#### Sak 4. Turprogram

I utgangspunktet kan det vere aktuelt å gjennomføre tilnærma samme turprogram som i fjer, sjølv om deltakinga då var heller liten. Tidlegare diskusjon kring årsaken til dette vart konkludert med at turane ikkje var for ambisiøse, men at medlemmane ikkje hadde tid til å vere med/ eller prioritert dette. Medlemmane har gitt uttrykk for at dei ønskjer å vere med på slike turar, og styret gjer ingen større endringar i turprogrammet m.t.p. og tek sikte på at fleire kan vere med på årets turar.

Turprogrammet med datoar vert informert om så snart det er heilt klart.

Det vart og diskutert om vi skulle legge opp til turar der ein kunne ha med familie m/ barn, ein kom fram til at barne familiene sjølv må ta initiativ og så tar vi det på sparket

## 2. INFORMASJON OM TURPROGRAM, TRENING OG KURS

Vi har lagt opp til fem tidsfesta overnattingsturar i år. Dei vil ha varierande vanskegrad. Dette fører til ulikt behov for ferdighet og erfaring. Turane er sett opp med eit gitt turmål, men det vil kunne bli justeringar med omsyn eksakt reisemål viss vind og sjøtilhøve tilseier det.

Vi har valt å flytte Kinn-turen til juli, for å satse på turar i skjerma område først på sommaren. Vi trur og at det truleg blir vel hektisk å få med seg Kinnaspelet i samanheng med ein padletur dit. Så difor altså, Kinnatur i juli.

Detaljert turinformasjon (reise, utstyr, overnatting m.m.) kjem seinare, men i høve til avreise og heimkomst, kan du ta utgangspunkt i avreise like etter arbeidstid avreisedatoen (fredag eller torsdag) og heimkomst sein ettermiddag/tidleg kveld søndagen.

Turprogrammet ser slik ut:

DATO/TURMÅL	ERFARING/ALDER	MERKNAD
11. – 13. mai Solund	Passar for alle som har tur-kompetanse. Alder: 16 år – ∞.	Tur i skjerma område, så veret avgjer kor vi drar. <b>NB!!</b> Den praktiske delen av Påbyggingskurset kan takast i løpet av denne turen.
8. – 10. juni Nærøyfjorden / Gudvangen	Passar for alle som har tur-kompetanse. Alder: 16 år – ∞.	Turen kan tilpassast ulike behov; frå dei som vil padle heilt frå Kaupanger til dei som vil ta ferje eit stykke, t.d. til Frønningen. Alle tar ferje tilbake frå Gudvangen til Kaupanger <b>NB!!</b> Den praktiske delen av Påbyggingskurset kan takast i løpet av denne turen.
13. – 15. juli Kinn	Middels til noko krevande tur, avhengig av veret. Alder: 18 år – ∞.	Til dels skjerma område, men og nokre opne strekk. Tur til Kinnaklova/"Kinnaklov-toppane" viss interesse og høveleg ver.
torsdag 16. – søndag 19. august Bulandet	Familietur Det blir padling og andre aktivitetar, noko for einkvar smak.	Padling frå Askvoll eller Værøy (ferje Askvoll-Værøy) eller ferje, ev. hurtigbåt heilt fram (Askvoll-Bulandet). Kort båtskyss for dei som ikkje er i kajakk, frå kaia til leir-området vårt. Høve for innandørs og utandørs losji. Ankomst Bulandet torsdag eller fredag. Padleaktivitetar og turar (varierande vanskegrad: frå turar kring

		øyane til langturar, inklusive tur til Alden/ Norskehesten), landaktivitetar etter eige ynskje, fiske, bading i sol og sjø eller leik i fjøra.
7. – 9. september	Krevande tur. Alder: 18 år – ∞.	Tur til ytre Solund. Ikkje nokon "matcho"-tur, men ein del padling over opne strekk, relativt mykje padling og ein må vere budd på noko bølger/dønningar.

Det blir lagt ut meir informasjon på H-sida i løpet av nokre dagar. Du kan elles ringe om det er noko du vil ha svar på.

#### Trening framover blir slik:

For nybegynnarar og elles lettare trening:	Tysdag kl. 17.30, ca. to timer	Teknikktrening, padling i området
For dei med meir trening/erfaring:	Torsdag kl. 17.30, to til fire timer	Distansetrenings og meir tempo enn tysdag

### **3. KVA SLAGS TURAR YNSKJER DU Å VERE MED PÅ, DVS. PRIORITERE Å FÅ MED DEG?**

Som kjent var det i fjar færre enn dei som ga utsyn for at dei ville, som fekk ordna det slik at dei fekk med seg dei ulike turane. Forklaringsane er sikkert ulike, men det som er viktig no, er at vi legg tilhøva best mogeleg til rette for at fleire skal få realisert turpadling i år.

Eit av tiltaka er betre dialog. Difor ynskjer vi allereie no å vite noko om kven som har interesse for desse turane. Eller interesse har vel kanskje alle, så det er meir dåke som tenker eit steg vidare - "denne gongen vil eg få med meg turen til .......", vi ynskjer tilbakemelding frå.

Så for å vite litt om kor mange vi blir og for å kunne reservere husrom for Bulandsturen, vil vi gjerne høre frå deg. Særleg Bulandsturen krev ein del planlegging (og som nemnt reservering).

Men og for å stimulere dåke til å plotte ut turane dåke vil vere med på, i tide, slik at ikkje det blir unødvendige kollisjonar dei aktuelle helgane, ynskjer vi å høre ka du vil vere med på.

Så folkens, telefon, brev, faks, E-post, bodstikke .....

### **4. KORLEIS FÅ ALLE SOM VIL, GJENNOM KURS ELLER TILSVARANDE ?**

Sunnfjord Kajakklubb har lagt seg på ei seriøs og samvittigheitsfull line med omsyn til tryggleik og førebygging av skader og ulykker. Ut frå dette vart det bestemt at alle skal ha gjennomført Grunnkurs eller tilsvarande for å vere med på treningane, og ha tatt Påbyggingskurset eller tilsvarande for å vere med på dags- og overnattingsturane. Vi har og innført aldersgrense for dei ulike aktivitetane.

Vi har allereie gjennomført eit grunnkurs. Tilbakemeldingane frå deltakarane var svært gode, så dette er eit kurs vi vil satse på framover. Problemet er at det tar tid, dvs. mange helgar framover å få alle som vil det, gjennom mølla. Det går berre åtte personar på kvart kurs.

Så for å kunne organisere kursinga, er vi avhengige av å få vite kor mange som har behov for Grunnkurset og for Påbyggingskurset. Dette må vi vite raskt: (Svarfrist er førstkomande mandag, 26. mars, så her er det berre å hive seg rundt!)

**NY SVARFRIST: MÅNDAG 2. APRIL**

#### Kursopplegget ser slik ut

Grunnkurs • 23. - 25. mars

- 6. - 8. april
- 20. - 22. april

- Påbyggingskurs**
- 27. 29. april
  - 11. 13. mai (første Solund-turen)
  - 8. - 10. juni (Nærøyfjord-turen)

**MEN — for dåke som har padla ein del, SJÅ HER:**

Grunnkurset tar føre seg alt heilt frå grunnen av. Det trengs ingen forkunnskapar utover å kunne symje 200 meter. Dermed er det ein del de kan, og var du med på padletreningane i fjar, er det truleg at du kan mykje av det som går på grunnleggande balanse og padleteknikk. Dette gjeld i alle fall sikkert for dei av dåke som har kajakk sjølv.

**SÅ ALTSÅ, FOR DÅKE SOM HAR PADLA EIN DEL:**

Vi har laga til ei sjekkliste for deg slik at du kan sjekke ut kva du treng. Viss du føler du kan det meste, kan du få med deg teoridelen på kveldstid, og så må du vise i sjøen at du meistrar kameratrednings-teknikken. Redninga tar vi som ei treningsøkt ein ettermiddagen, med våtdrakt og det heile.

Men som nemnt, fristen for tilbakemelding er kort - så kom i gong!!!

	FERDIGHEIT på GRUNNKURSNIVÅ	JA	NEI
1	Kan ved velt komme deg ut av kajakken med spruttrekket på		
2	Kan symje til lands 10 - 15 meter med kajakken på slep		
3	Kan sittande i eigen kajakk, tømme ein annan sin velta kajakk for vatn (X-tømming)		
4	Kan hjelpe ein som har velta og som er i sjøen, opp att i kajakken ved hjelp av kameratredning (parallel-redning)		
5	Kan ved hjelp av kamerat i kajakk, komme seg opp att i kajakken etter ein velt		
6	Veit korleis bruke lågt støttetak for å gjenopprette ballanse		
7	Kan litt (begynnande) om å bruke åra til sideflytting		

På Påbyggingskurset vert det plass til fleire samstundes enn på Grunkurset, så der får vi unna meir på ein gong. For at de skal kunne velge, har vi lagt opp til to alternativ slik at du kan få med deg turane no i vår.

Alternativ 1. Du kan ta eit ordinært helgakurs 27. - 29. april og

Alternativ 2. Du kan ta kurset i løpet av den første turen (til Solund 11. - 13. mai)

Viss du trur du også har ferdighetane på dette nivået inne, kan det og visast i løpet av ei treningsøkt.

	<b>FERDIGHEIT</b> på PÅBYGGINGSKURS-NIVÅ	<b>JA</b>	<b>NEI</b>
1	Alt som er nemnt for Grunnkurset		
2	Kan ved hjelp av åreflottør, komme seg opp att i kajakken etter ein velt		
3	Kan lågt støttetak rimeleg godt		
4	Veit korleis bruke høgt støttetak for å gjenopprette ballanse		
5	Kan foreta sideforflytting ved hjelp av åttetals-tak		
6	Kan og har vore med og padla tur på minst fire timer, med ilagt pause og med minst to timer padling i strekk		
7	Har noko erfaring med å padle i små bølger og litt vind, både med, mot og på tvers av vinden/bølgene		

Alle må få med seg teoridelen. Det kan gjerast ved å henge seg på teoridelen på eit av kursa eller ved at ein blir med på eit av "oppsamlingsheat'a" vi legg opp til viss det er behov for det.

Prisen på alle kursa, også for dei som tar forenkla opplegg, blir kr. 300,- for kvart kurs. Desse pengane går uavkorta til klubben .

I tillegg må dei som ikkje kan ordne med kajakk og anna utstyr sjølv, betale 100,- kroner for leige av dette. Leige av kajakk går anten til klubben eller til dei vi må leige kajakk av.

## 5. UTVIDING AV ALDERSGRENSE - 18 ÅR PÅ NOKRE AV OVERNATTINGSTURANE

På grunn av risikonivået, har vi valt å innføre ei aldersgrense på 18 år på nokre av overnattingsturane. Etter kvart som det blir fleire ungdomar med, vil det bli aktuelt med reine ungdomsturar. Dette vil vi komme tilbake til når det blir aktuelt.

## 6. INFORMASJON OM SAMARBEID MED FYLKESKULTURKONTORET M.FL.

Vi er i startfasen i eit samarbeid med fylkeskulturkontoret, Norges Padleforbund m.fl. for å skaffe ressursar til å drive eit meir omfattande kursopplegg. Vi tar sikte på å skaffe båthengar med 8 kajakkar og ditto utstyr. Dette vil bli brukt ved kursing i klubbregi, men også ved kurs som andre legg opp til, både med og utan instruktør(ar) frå klubben.

Dette prosjektet er både praktisk og økonomisk heilt på sida av arbeidet med å skaffe båtar til klubben som medlemmene kan leige, og vil såleis ikkje vere til belastning for økonomien i klubben.

## 7. KVEN KAN IKKJE FÅ TAK I KLUBBINFO'EN PÅ INTERNETT, DVS. PÅ HEIMESIDA, HOS SEG SJØLV, PÅ JOBBEN ELLER HOS ANDRE ?

For å spare arbeid og porto-pengar, vil vi sjekke ut kven som treng å få tilsendt SKK-nytt i posten. Vi vonar at også nokon av dåke som ikkje har internett sjølv, kan få lest, eventuelt få tatt utskrift

av, SKK-nytt på jobben eller hos kjende som har internett. Framleis vil dei utan E-post få melding i posten om at nytt SKK-nytt er komt, men berre dei som melder frå til Rune vil få tilsendt SKK-nytt i papirutgåve.

Så difor, ring, faks osv. beskjed til meg (Rune) viss du treng å få SKK-nytt tilsendt gjennom posten.

## 8. NYE INVESTERINGAR:

### FORESPØRSEL TIL MEDLEMMANE OM EIT KORTSIKTIG LÅN TIL KLUBBEN

På årsmøtet fekk styret løyve til å sette klubben i gjeld til dei av medlemmane som kunne tenke seg å stille eit kortsiktig lån til disposisjon til klubben.

Det er behovet for kapital til investering i våtdrakter til bruk ved kursa og til to nye kajakkar til klubben, som gjer at vi no gjer dette.

Vi har kjøpt to halvfabrikata kajakkar av Kjartan. Desse vil ferdig koste oss ca 7000 kroner pr stk. Vi ser ut til å trenge ca. 10.000 kroner til dei nye investeringane. Det vil nok ende opp med noko mindre, men det er avhengig av medlemstalet i år og kor mange som blir med på kurs.

Så hermed ber vi om at dei av dåke som kan tenke seg å gi Sunnfjord Kajakklubb eit lån på +/- kr. 1000,- i eitt år, om å ta kontakt med Rune slik at vi kan ordne det formelle i høve til lånet.

Salsverdien på kajakkane og utstyret klubben har, er godt over den totale lånesummen, så det er ikkje problem med sikkerheita.

Det var alt for denne gongen, no er resten opp til deg.....

Men det vart ein del, og særleg for dåke som ikkje har vore med på møta i år, vart alt kanskje ikkje klart nok framstilt. Så er det noko du lurer på , ta kontakt med ein i styret.

## Styret for 2001 er som fylgjer:

Tlf.

	Privat	Mobil	Faks	E-post
(leiar) Rune Berge	5772 0141	99205 090	57720 343	rune.berge@leike miljo.no
(nestl eiari) Roald Apalseth	5782 1605	93667 188		apalseth@frisurf. no
Karna Lise	5782			
Bloch Hanekam	3928			teham@c2i.net
(elv- konta kt) Laila Hjellvoll	5782 1478	99279 050		lhjellvoll@hotmail. com
Reidar Barthel	5771 7380	97019 302		reidar.barthel@ti ne.no
(1. vara) Terje Sæle	5781 9724			fylkeslaget.hlf@c 2i.net
(2. vara) Geir Alden	90509 079			

